

nr. 3 - 2010

# Piriod

- kulturavis for barnehagar og skular



Torpo barnehage i Å kommune har god erfaring med å nytta digitale verktøy på utradisjonelle område i barnehagen.

TEKST: ASTRID E. HJELMELAND

© Torpo barnehage

## DIGITAL KVARDAG I BARNEHAGEN



# DIGITAL KVARDAG I BARNEHAGEN

— Digitale verktøy gjev borna sterkare medverknad i barnehagen, seier styrar Gunn Marit Oleivsgard. Frå ho starta som styrar i 1995, har ho auka medråderetten til borna i barnehagen. Etterkvart har rammeplanane òg lagt opp til dette. Dette har igjen gjeve utfordringar når det gjeld krav om dokumentasjon.

Det som byrja med eit sterkare behov for å dokumentera for foreldra kva borna hadde gjort i løpet av ein barnehagedag, har etterkvart utvikla seg til å bli ein digital kvardag for borna og personalet i Torpo barnehage. Til prosjektarbeid og andre aktivitetar nyttar borna dagleg berbare PC-er og Smart board, ei interaktiv tavle som fungerer som ein digital flanellograf med lyd og biletar. Desse verktøya er også viktige når borna skal dokumentera prosjekta sine.

## Meir enn dataspel

— Alle kan setja opp ein PC i avdelinga og finna fram eit spel, men digitale verktøy kan nyttast på så mange andre måtar, understrekar Oleivsgard. Saman med dei tilsette har ho opparbeidd seg kompetanse og erfaring når det gjeld bruken av digitale verktøy i barnehagekveldagen.

Medan styraren har vidareutdanna seg i utvikling av digital portefølje, har andre tilsette teke pedagogisk utviklingsarbeid med fokus på barn sin medverknad.

I tillegg til at borna lærer seg å nytta ulike digitale verktøy som bruken av PC, fotoapparat og smart board, er den språklege effekten stor.

— Når me finn symbol via PC eller den interaktive tavla koplar borna desse til ord, skrift og tal, fortel Oleivsgard. Borna lærer også tidleg å bli medvitne om bruken av bilete av seg sjølv og andre.



## DØME PÅ BAKEPROSJEKT MED DIGITALE HJELPEMIDDEL:

Borna vel gruppe for kvar månad. Til dømes ei bakegruppe. Her får dei bestemme kva for mat dei skal ha denne månaden.

- Finn oppskrift via internett og skriv ut
- Lager kjøpeliste (bilete og tal) på Smart board
- Skriv ut kjøpelista på nettverksskrivaren
- Borna går saman med personalet på butikken og handlar
- Borna tek biletar av alle ingrediensane og bakeprosessen
- Borna skriv ut biletar og limer inn saman med oppskrifta i barnehagen si kokebok
- Evaluering saman med vaksen:

Kva har me gjort?  
Kva har me lært?  
Kva var lurt?

## Digitale mapper

Frå borna er i 2-3 års alderen opprettar personalet eigne digitale mapper for dei. Her samlar dei dokumentasjon via biletar, film og lydopptak som dannar grunnlag for familie-samtalen. Torpo barnehage har gått vekk frå å ha berre foreldresamtale og har i dag også familiesamtale, der barnet spelar ei viktig deltagande rolle.

Borna inviterer familien til samtalene og dei er aktive deltagarar i samtalene. I staden for den tradisjonelle foreldresamtalen får dei synleggjera kvardagen sin via biletar, film og lydopptak i ein PowerPoint-presentasjon. Denne har dei laga på føre-

## Fakta: Studietilbod Høgskulen i Vestfold

Studiet vil i hovudsak fokusera på bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet i barnehagen, der ein tenker på IKT som eit naturlig verkøy i arbeidet med innhald og oppgåver innan fagområda i barnehagen.

Kjelde: <http://www.hive.no/studietilbod/foerskolelaerer/ikt-i-barnehagen>

hand saman med barnehagepersonalet.

— Her får borna syna foreldra deira kva dei har lært og kva dei er gode til, og ikkje minst kva dei synest er vanskeleg, fortel Oleivsgard.

## Filmprosjekt

I 2006 fekk styraren med seg personalet på å gjera noko ingen av dei kunne – verken personale eller borna. Dei ville laga film. Dei lagde 7 animasjonfilmar og i tillegg ein spelefilm. Filmprosjektet var omfattande og borna tok del i heile prosessen frå idéstadiet, med oppbygging av historia, roller, kostyme, kulisser. Borna var også ute for å finna passande lokalitet for filmopptaket. Spelefilmen vart ein time lang og hadde premiere på kulturhuset på Ål med over 300 tilskodarar. Sidan den gong er det blitt ein tradisjon med film ved sommaravslutninga kvart år.

— Prosessen med å laga film og å skapa noko nytt er utruleg lærerik for personalet og for borna, avsluttar Oleivsgard.

## Fakta: Klikk der!

Nasjonal konferanse om IKT og bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet. Einaste konferansen i Noreg som har IKT og digitale verktøy i barnehagen som hovudsak. Blir arrangert i samarbeid med Utdanningsforbundet og med støtte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Presenterer den nyaste forskinga på området og flere barnehagar vil fortelja om arbeida sine.

Kjelde: <http://www.hio.no/Klikk-der>



## VIL HINDRA DIGITALT KUNNSKAPSGAP



**- Det er svært varierande korleis barnehagen nyttar seg av sine digitale verktøy, seier rådgjevar i Medietilsynet Barbro Hardersen. Medan bruken for nokre er tilfeldig eller prega av bekymring har andre ein reflektert bruk og digitale verktøy er godt integrert i det pedagogiske arbeidet.**

TEKST: ASTRID E. HJELMELAND

**M**ed bakgrunn i eit pilotprosjekt med formål å teikne opp eit bilette av kva mediekompetanse barn har, er Medietilsynet for tida i gang med eit oppfølgingsprosjekt, der målet er å finna ut korleis barnehagen, på eigne premissar, kan ta i bruk digitale verktøy.

I Kvalitetsmeldinga ser departementet på digital kompetanse som ein sentralt del av opplæringa på alle nivå. Rapporten *Barnehagens digitale tilstand* (Bølgan 2009) viste at personalet meiner at dei har for låg kompetanse, og heile 85 prosent ynskjer opplæring i korleis dei skal bruka digitale verktøy i sitt pedagogiske arbeid.

### Kjenner barnehagebarn i dag til digitale verktøy? På kva måte?

– Dei fleste barnehagebarn kjenner til digitale verktøy (DV) før dei byrjar i barnehagen, av di dette er ein naturleg del av heimen og samfunnet i dag. På same tid kjenner mange barn til digitale verktøy i barnehagen som kamera, skannarar, fargeskrivarar og berbare eller stasjonære datamaskinar.

### Kva har det å seia for barn at dei vert kjende med digitale verktøy i barnehagen?

– Barn med nettvert vil lettare kunne handtera ubehagelege opplevingar knytte til bruk av digitale medium seinare i livet på ein god måte.

Hardersen understrekar at barnehagen er ein del av utdanningssystemet, og at barnehagen i det moderne kunnskaps- og informasjonssamfunnet kan tilby DV som ei kjelde til leik, kommunikasjon, og innhenting av kunnskap utan at dette går ut over meir tradisjonelle aktivitetar.


I tillegg til å vera med på å støtta opp og utvikla arbeidet med fagområde, som til dømes språk og teknikk, er barnehagar der DV er ein naturleg del av kvardagen, med på å gje borna ein god start på mediebruk. Dette gir også høve til å utjamna sosiale og digitale skilje, samstundes som reflektert bruk i barnehagen vil vera med på å skapa gode og medvitne mediebrukarar, avsluttar Hardersen.

## Bukkene Bruse på badeland

Av Bjørn F. Rørvik

Illustrert av Gry Moursund

Cappelen Damm



Her er eit kjent eventyr i ei ny form. Dei fleste kjenner nok til Dei tre bukkane Bruse som skal på setra for å bli feite. Men i denne historia går ikkje alt som det plar, bukkane

hamnar nemleg i badeland i staden for på setra.

Bjørn Rørvik har eit levande og godt språk i ein svært munnleg drakt. Han skriv nesten på dialekt når han skildrar dialogen mellom bukkane. Og ikkje minst har bukkane fått eit nytt og meir moderne språk.

*– Please? sa den minste – Da trenger vi ikke gå over brua heller. Det er så skummelt med det trollet, seier den minste bukken når dei bestemmer seg for å heller gå til badelandet.*

Forfattaren klarer å la bukkane vere bukkar, også i språket. Det er fornøyeleg å høyre brekinga som nesten kjem av seg sjølv når ein les teksten høgt. Når til dømes den mellomstore bukken lurer på om dei heller kan gå å bade:

*– Det er så kjedeleg oppa på setra. Bare gå der og bre – e – e – ke hele sommeren.*

Det er også brukt visuelle grep i teksten for å gjere lesinga meir variert. Ord og bokstavar er utevæ eller skrive med tjukk skrift. Likevel er det litt vanskeleg å forstå alle desse grepene. Det er ikkje alle utevingane som er like logiske. Men dei får uansett teksten til å leve.


Det er Gry Moursund som står for dei barnslege teikningane. Ho teiknar så truverdig at ein faktisk skulle tro det var borna sin eigen strek som var utgangspunktet. Mange og sterke fargar saman med detaljerte teikningar gir ei biletbok det er verdt å bruke lang tid på.

Og her er ikkje minst mykje humor. Dei aller fleste vil trekke på smilebandet når det store trollet til slutt må opp i den store vannsklia og forsvinn ut av vindaugelet. Og dei tre bukkane Bruse står sjølv sagt att som heltar.

Dette er ei historie barna kjenner. Men med nokre enkle grep og klare kontrastar har Rørvik klart å lage noko nytt og spanande ut av eventyret. Og det utan at den opphavlege handlinga forsvinn.

Judith Sørhus Litlehamar

Returdresse:  
Pirion  
Næringsbedet  
i Vatlandsåvg  
4235 Hebnes  
NOREG



[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

## PIT PARION

# KULTURDELTAKING FOR ALLE BARN OG UNGE?

**S**om einaste land i verda har Noreg lovfesta (i opplæringslova) at kvar kommune skal ha ein kulturskole, anten åleine eller saman med andre kommunar. Fleire offentlege dokument stadfestar kor mykje kulturdeltaking og kulturopplevingar har å seie for ein god barndom. Og



**TORILL SPERRE ER:**  
Forskulelærar/fagleg rettleiar og kulturarbeidar.

Kulturløftet slår fast at kultur har ein verdi i seg sjølv, ved sida av å vere eit verkty for å nå andre samfunnsmål, t.d. næringsutvikling.

Dei mange kulturskolane som finst gjer eit viktig arbeid i høve til barn og unge, og mi røynsle er at både rektorar og kulturskolelærarar brenn for det dei arbeidar med. Med rette kan dei kallast eldsjeler.

Fram til 2004 var det ei øvre grense, ein makspris, for foreldrebetinging i kulturskolar.

Ein elevplass skulle ikkje koste meir enn kr 1600. I Soria Moria-erklæringa heiter det: «Regjeringen vil at alle barn skal ha et tilbud om plass i kulturskolen til en rimelig pris:»

Sidan den gong har foreldrebetinginga auka jamt over, og det er store skilnader mellom kommunane. Samstundes har mange kommunar teke bort ordningar som friplassar og søskensmoderasjon. Og kulturskolerektorane har eit budsjett dei må halde.

Alvorleg er det at det synest å vere dei fattige barna som fell utanom og ikkje får ta del i dei mange tilboda kulturskolane gjev. Ei pilotundersøking utført av Telemarksforskning (2009) fann teikn på at barn frå fattige familiar står i fare for å verte ekskluderte som aktive kulturdeltarar på den arenaen som kulturskolen er.

Eit anna funn frå same undersøkinga syner at breidde i dei tilboda kulturskulene gjev, og samarbeid mellom dei ulike instansane som arbeider med barn og unge innan kommunen er med på å auke deltakinga hos

barn og unge frå fattige familiarar.

Det vil føre for langt her å gå nærmare inn på denne undersøkinga, som er utført på oppdrag frå Norsk kulturskoleråd og Redd Barna. Undersøkinga med tittel *Kultur for alle?* baserer seg på intervju med kulturskolerektorar og statistisk informasjon.

Det grunnleggjande kulturarbeidet som går føre seg i den einskilde skole og barnehage, i tråd med Kunnskapsløftet og Rammeplan for barnehagen, vil i eit oppvekstperspektiv vere særleg verdifullt ut frå den allmenne målsettinga om å inkludere alle barn. Kulturskolane gjev med sin fagkompetanse høve til utvikling og fordjuping, anten i gruppe eller som individuell undervisning. At alle barn får høve til kulturdeltaking i regi av kulturskolane, gjev gode oppvekstvilkår. Likeeins er det eit samfunnssproblem dersom barn vert ekskluderte frå dette av sosioøkonomiske grunnar.

K.Gustavsen og S.Hjelmbrekke: Kulturskole for alle. Pilotundersøkelse om kulturskoletibudet. Telemarksforskning/TF-rapport 255/2009

Ole Brum,  
Ola Tveiten eller Barbie,  
kor hentar barna  
opplevningar frå?

**Pirion -kurs**

Les meir på  
[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

**Pirion**

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)